



STORD  
KOMMUNE



Kristorshøyen

# Alkoholpolitiske retningslinjer i Stord kommune



Løyveperioden 01.07.2012-30.06.2016  
Vedtekne i Kommunestyret 22.03.2012

- KAP. 01 ALKOHOLOMSETNADEN I STORD KOMMUNE – MÅL OG DELMÅL**
- KAP. 02 SALS- OG SKJENKEAVGIFTER**
1. Kommunen sin bruk av sals- og skjenkeavgifter
  2. Avgift for ambulerande løyve og løyve ved opne arrangement
  3. Innbetaling av gebyr for sals- og skjenkeløyve (faste løyve)
- KAP. 03 DELEGASJON AV MYNDE OG SAKSHANDSAMING**
1. Delegasjonsfullmakter til formannskapet
  2. Delegasjonsfullmakter til rådmannen
  3. Søknadsfristar og sakshandsamingstid
- KAP. 04 SAL AV RUSBRUS OG ØL I KL. C OG D (VOLUMPROSENT 2,75 – 4,75)**
1. Krav til løyvehavar / salsstyrar / reservesalsstyrar
  2. Presisering av omgrepa ”rusbrus”og ”øl”
  3. Tildeling av løyve
  4. Salstider
  5. Vilkår knytt til salsløyvet
  6. Sal og skjenking av alkohol i same lokale
- KAP. 05 SKJENKING AV ALKOHOL**
1. Krav til løyvehavar, skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar
  2. Krav til skjenkelokale (faste løyve)
  3. Skjenking av rusbrus
  4. Skjenking av øl
  5. Ambulerande løyve til slutta lag
  6. Løyve til opne arrangement i einskilde høve
  7. Løyve for kortare tidsperiodar
  8. Krav om ordensmessig og sosial kontroll
  9. Skjenketider
  10. Utandørs skjenking
  11. Vilkår kring arrangement, konsertar, revyar o. l. knytt til skjenkestadene
  12. Skjenking i kommunale lokale m.m.
  13. Felleslokale med andre
  14. Lokale for ambulerande løyve
  15. Skjenkeløyve i fartøy
  16. Særlege vilkår vedk. skjenkeløyve ved hotel i Stord kommune
  17. Skjenkeløyve ved idrettsarrangement, friluftsarangement m.m
  18. Skjenkeløyve i kantinar og kafeteriar
  19. Skjenkeløyve ved service- og salsfremjande arrangement eller kampanjar
- KAP. 06 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKESTADER**
1. Tilsetjing og arbeidstilhøve - kontrollørar
  2. Kontrolloppgåver
  3. Prosedyre og tiltak ved brot på alkohollovgevinga
- KAP. 07 GEOGRAFISK PLASSERING AV SKJENKESTADER**
- KAP. 08 KLAGEHANDSAMING, OVERPRØVING OG ENDRING I ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER**
1. Klagehandsaming
  2. Overprøving
  3. Endring i retningslinene
  4. Evaluering
- KAP. 09 KRAV TIL SØKNADER (FASTE LØYVE)**

## **KAP. 01 ALKOHOLOMSETNADEN I STORD KOMMUNE – MÅL OG DELMÅL**

I følge alkohollova § 1-7d skal kommunen utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Lova gir ikkje direkte pålegg om kva planen skal innehalda, men den bør ta for seg dei alkoholpolitiske hovudmåla og delmåla som kommunen legg til grunn for alkoholpolitikken sin.

Like eins bør planen seia litt om kva for virkemiddel kommunen vil ta i bruk for å nå måla.

### **HOVUDMÅL:**

Målet med desse vedtektene er å regulera alkoholomsetnaden i Stord slik at omsetnaden går føre seg i forsvarlege former – slik statlege og kommunale organ føreset – og slik at

- dei samfunnsmessige og individuelle skadene som alkoholforbruk kan føra til, blir avgrensa i størst mogeleg grad – og som eit ledd i dette vil kommunen arbeida for etablering av alkoholfrie soner
- omsetnaden blir utøvd i samsvar med alkohollova og andre relevante lover, føreseger og retningsliner fastsett av Stord kommunestyre til ei kvar tid
- omsynet til folkehelsa skal vega tyngre enn næringspolitiske argument

### **DELMÅL:**

- For å få innvilga sals- og skjenkeløyve, må søkjaren fylla dei formelle vilkåra som går fram av kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner
- Stord kommune legg opp til jamleg kontakt med sals- og restaurantnæringa, eventuelt i fellesskap med politiet. Målet skal vera å skapa dialog og samarbeid i tråd med alkohollova sitt føremål, jfr. § 1-1 og i samsvar med Stord kommune sine målsetjingar om brukarmedverknad
- Stord kommune legg opp til å kunna rettleia og formidla kunnskap om alkohollova overfor sals- og skjenkestadene i kommunen
- Stord kommune legg ikkje opp til eit ”tak” (øvre grense) når det gjeld talet på salsløyve for rusbrus og øl eller skjenkeløyve for rusbrus, øl, vin og brennevin. Stord kommune skal i løpet av løyveperioden drøfta om det skal setjast eit ”tak” (øvre grense) for skjenkeløyve for rusbrus, øl, vin og brennevin.
- Stord kommune legg opp til regelmessig kontroll med sals- og skjenkestadene
- Sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollova, anna relevant lovgjeving og kommunale retningsliner, må rekna med at inndraging av sals- og skjenkeløyve kan bli aktuelt, jfr. kap. 06, pkt. 3
- Stord kommune skal tydeleggjera alkoholfrie soner i samband med arrangement som er mynta på barn og unge, i samband med idrettsarrangement og i samband med ulike utandørs arrangement, *jfr. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Stord kommune*
- Det skal leggjast til rette for alkoholfrie aktivitetar ved og kring skjenkestadene for å motvirka uro ved nattetid i Leirvik sentrum

## KAP. 02 SALS- OG SKJENKEAVGIFTER

### 1. Kommunen sin bruk av sals- og skjenkeavgifter

Sals- og skjenkeavgiftene skal nyttast til:

- a - å dekkja kommunen sine utgifter ved ei tilfredsstillande kontrollordning
- b - å gi opplæring/oppdatering av administrativt personale og alkoholkontrollørar
- c - alkoholfrie alternativ og rusførebyggjande tiltak mellom barn og unge

Rekneskapsrutinane må visa tydeleg korleis sals- og skjenkeavgiftene er nytta. Komité for oppvekst og utdanning og komiteen for næring, miljø og kultur får eit årleg oversyn over storleiken og bruken av gebyra.

### 2. Avgift for ambulerande løyve og løyve ved opne arrangement i einskilde høve

- a. Ambulerande løyve: kr. 280,- (f.o.m. 01.07.2012)
- b. Opne arrangement i einskilde høve: kr. 280,- (f.o.m. 01.07.2012)

### 3. Innbetaling av gebyr for sals- og skjenkeløyve (faste løyve)

Reglar om *bevillingsgebyr* er fastsett i forskrift av 08.06.2005 frå Helse- og omsorgsdepartementet, jfr. alkohollova § 7-1. Gebyret blir fastsett for eitt år om gongen for kvart einskild løyve på grunnlag av forventa omsett mengd alkoholhaldig drikk. Løyvehavar skal innbetala *forskotsgebyr* på grunnlag av dette forventa gebyret.

Pr.01.01.2012 gjeld følgjande satser – fastsett av Helsedirektoratet:

Sal av alkohol gruppe 1: kr. 0,18 pr. liter

Skjenking: kr. 0,36 pr. vareliter alkohol gruppe 1  
kr. 0,99 pr. vareliter alkoholgruppe 2  
kr. 3,24 pr. vareliter alkoholgruppe 3

Minimumsgebyret er kr. 1.350,- for sal og kr. 4.000,- for skjenking.

I løpet av 1. halvår skal den einskilde løyvehavaren innbetala eit a-kontobeløp tilsvarande om lag halvparten av forventa årleg gebyr.

Innan 1. mars kvart år skal løyvehavar senda inn oppgåve over faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk. Dersom det ligg føre avvik på meir enn 10 % mellom tidlegare oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsetnad, skal kommunen utføra etterutrekning og etteroppgjer.

Ved brot på reglane framføre; anten gjennom manglande oppgaverapportering eller ved manglande innbetaling av gebyr til rett tid; kan kommunen trekkja løyvet attende for kortare eller lengre tid, jfr. kap 06 pkt 3.

## KAP. 03 DELEGASJON AV MYNDE OG SAKSHANDSAMING

Det lokale ansvaret for forvaltninga av alkohollova ligg til kommunestyret dersom ikkje anna er fastsett i desse retningslinene eller i anna regelverk, jfr. alkohollova § 1-12.

### 1. Følgjande er delegert til formannskapet:

- **Formannskapet** har mynde til å treffa vedtak i alle enkeltsaker innanfor dei rammene og reglane som er fastsett i desse retningslinene eller i andre kommunale reglar og retningsliner som er relevante i denne samanhengen; samt spesielle prinsippvedtak fastsett av kommunestyret.

Formannskapet har like vel ikkje mynde til å gjera unntak (gi dispensasjon) frå det kommunale regelverket som er fastsett i Stord kommune sine alkoholpolitiske retningsliner.

Mest mogleg av vedtaksprosessen kan delegerast til underordna politiske organ eller til rådmannen.

### 2. Følgjande er delegert til rådmannen:

**Rådmannen** har mynde til å treffa vedtak i *enkelt saker* innanfor dei rammene og reglane som er fastsett i desse retningslinene eller i andre relevante reglar og retningsliner – og i høve til følgjande saksområde:

1. Tildeling av ambulerande løyve til slutta lag, jfr. alkohollova §§ 4-2 og 4-5
2. Tildeling av løyve ved einskilde høve, jfr. alkohollova § 4-5
3. Tildeling av løyve for ein kortare periode, jfr. alkohollova § 4-4
4. Mellombels inndraging av løyve inntil politiske organ har handsama saka i samband med alvorleg brot på lov/regelverk etter desse retningslinene, jfr. alkohollova § 1-8
5. Godkjenning av personar ved skifte av styrrar/reservestyrrar

Til dagleg blir saksområdet serverings- sals- og skjenkeløyve administrert frå Kundetorget.

### 3. Søknadsfrister og sakshandsamingstid

Sakshandsaminga av søknader etter alkohollova vil nødvendigvis ta tid etter som fleire høyringsinstansar skal uttala seg før endeleg avgjerd kan takast. Administrasjonen skal så raskt som mogleg starta sakshandsaminga og henta inn uttaler frå aktuelle høyringsinstansar.

Av den grunn blir det som hovudregel innført følgjande **søknadsfristar**:

- ved ambulerande løyve: seinast 1 veke før arrangementet skal finna stad
- ved opne arrangement: seinast 2 veker før arrangementet skal finna stad.

Søknader som kjem seinare enn desse fristane, kan ikkje rekna med avgjerd innan dato for planlagt arrangement.

**Sakshandsamingstida for faste løyve** vil normalt ta lenger tid etter som fleire høyringsinstansar skal uttala seg til søknaden. Kommunen legg opp til at det i alle høve ikkje skal gå meir enn 60 dagar frå søknaden er motteken til endeleg vedtak er gjort.

Rådmannen skal orientera søkjaren dersom det vil ta særleg lang tid før avgjerd i saka kan forventast, jfr. forvaltningslova § 11a, andre ledd.

## **KAP. 04 SAL AV RUSBRUS OG ØL I KL. C OG D (VOLUMPROSENT 2,75 – 4,75)**

*Definisjon av omgrepet sal:*

”Med salg forstås overdragelse av alkoholholdig drikk til forbruker mot vederlag for drikking utenfor salgsstedet.” (Alkohollova § 1-4 , første ledd).

### **1. Krav til løyvehavar / salsstyrar / reservesalsstyrar**

Løyvehavar, styrar / reservestyra for salsløyvet må fylla vandelskrava som er fastsett i alkohollova §§ 1-7b og 1-7c. Dei pliktar å følgja regelverket som er fastsett i alkohollova og i Stord kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer - eller gjennom særskilde vedtak.

Styrar og reservestyra for salsløyvet må vera tilsett ved salsstaden eller arbeida der i kraft av si eigarstilling. Dersom styrar eller reservestyra ikkje er medeigar e l , er det eit krav at vedkomande har eit formelt tilsettingsforhold. Styrar/reservestyra skal ha dagleg og reelt ansvar for salet av alkoholhaldig drikk, og skal ha overordna stilling i forhold til øvrige tilsette. Ein person kan berre vera styrar/reservestyra på ein stad.

Salsstaden pliktar å melda skriftleg frå til kommunen umiddelbart dersom styrar/reservestyra sluttar. Salsstaden skal då søkja om godkjenning av ny styrar/reservestyra.

Salsstyrar/reservesalsstyrar for salsløyvet, må ha avlagt godkjent Kunnskapsprøve om alkohollova, for salsløyve.

Løyvehavar og salsstyrar/reservesalsstyrar er samstundes ansvarlege for at tilsette som sel rusbrus og øl, får kontinuerleg opplæring i alkohollova sitt regelverk og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Løyvehavar pliktar å føra internkontroll i forhold til salsløyvet, alkohollova og vedtak fastsett i medhald av alkohollova. Jmfr.§ 8-3 i Forskrift av 8. juni 2005 om omsetning av alkoholhaldig drikk.

Styrar/reservestyra for salsløyvet pliktar å delta i samtalar, informasjonsmøte, kurs og konferansar som Stord kommune eller annan offentleg instans skipar til for salsstadene og deira tilsette. I motsett fall vil dette kunna få konsekvensar for løyvet, jfr. kap. 06.

### **2. Presisering av omgrepa ”rusbrus” og ”øl”**

Med ”rusbrus” og ”øl” i denne samanhengen er det meint rusbrus og øl med styrke volum-prosent under 4,76 %. Det er ikkje høve til å *selja* rusbrus og øl med sterkare volumprosent enn 4,75 i Stord kommune.

### **3. Tildeling av løyve**

Vanlege daglegvareforretningar der styrar/dagleg leiar fyller vandelskrava i kap. 04, pkt. 1 og 2, kan få salsløyve for rusbrus og sal av øl i klasse C og D (volumprosent mellom 2,75 og 4,75 – pilsner og liknande). Det er ein føresetnad at løyvehavaren/styrar/reservestyra etablerer god intern kontroll.

Bensinstasjonar, kioskar/storkioskar og andre etablissement med stort og variert varespekter og med enklare servering kan ikkje få løyve, sjå § 3-8 i alkohollova, jfr. rundskriv I-6/98 frå Sosialdepartementet av 18.03.1998.

#### **4. Salstider**

Salstida for rusbrus og øl i kl. C og D (mellom 2,75 og 4,75 volumprosent) blir fastsett som følger i samsvar med alkohollova § 3-7 andre og tredje ledd :

- |   |                  |
|---|------------------|
| • Mandag – fredag (heile året):   | kl 08.00 - 20.00 |
| • Laurdag - og dagar før helgedagar:  | kl 08.00 - 18.00 |
| • Søndag - samt helge- og høgtidsdagar:   | stengt           |
| • 1. mai:   | stengt           |
| • 17. mai:  | stengt           |
| • Onsdag <u>før</u> Kristi Himmelfartsdag:  | kl 08.00 - 20.00 |
| • Røystedagar ved stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavrøysting: | stengt           |

#### **5. Vilkår knytt til salsløyvet**

Følgjande vilkår er knytt til salsløyve for rusbrus og øl:

- Rusbrus og øl som er utlevert/avhenta like før salstida er slutt, kan betalast seinast 30 minuttar etter at ølutsalet er avslutta for dagen.
- Varen skal plasserast ein og same stad; dvs. ikkje på fleire stader kring i salslokalet
- Varen skal plasserast på ein slik måte at den ikkje kan forvekslast med alkoholfri drikk, dvs. i egne hyller som er tydeleg skilt frå saft og mineralvatn
- Varen skal vera fysisk tildekka, avsperra eller avlåst dersom salsstaden held ope utover dei vedtekne salstidene for rusbrus og øl, jfr. dette kapitlet sitt pkt. 4
- Tildekking skal skje ved fastmontert gardin eller anna fastmontert materiale som tydeleg viser når varen ikkje er tilgjengeleg
- I salslokalet skal det henga oppslag som gir tydeleg informasjon om
  - 1) salstidene for sal av rusbrus og øl i Stord kommune,
  - 2) aldersgrensa for sal eller utlevering av rusbrus og øl,
  - 3) forbod mot sal eller utlevering av rusbrus og øl til rusa personar - og
  - 4) kven som er styrar / reservestyrrar for salsløyvet.

#### **6. Sal og skjenking av alkohol i same lokale**

Det er **forbode** å gi løyve til sal og skjenking i same lokale, jfr. alkohollova § 3 - 1 andre avsnitt, tredje og fjerde setning.

#### **KAP. 05 SKJENKING AV ALKOHOL**

*Definisjon av omgrepet skjenking:*

”Med skjenking forstås salg for drikking på stedet. Som skjenking regnes det også når bevillingshaver vet om at det drikkes i deler av hans hus som han har rådighet over, eller på andre steder i hans besittelse, eller på husets nærmeste tilliggelser.”

## **1. Krav til løyvehavar, skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar og andre tilsette**

Løyvehavar, skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar må fylla vandelskrava som er fastsett i alkohollova §§ 1-7b og 1-7c. Dei pliktar å følgja regelverket som er fastsett i alkohollova og i Stord kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer - eller gjennom særskilde vedtak.

Styrar og reservestyrrar for skjenkeløyvet må vera tilsett ved skjenkestaden eller arbeida der i kraft av si eigarstilling. Dersom styrar eller reservestyrrar ikkje er medeigar e l , er det eit krav at vedkomande har eit formelt tilsettingsforhold. Styrar/reservestyrrar skal ha dagleg og reelt ansvar for skjenkinga, og skal ha overordna stilling i forhold til øvrige tilsette. Ein person kan berre vera styrar/reservestyrrar på ein stad.

Skjenkestaden pliktar å melda skriftleg frå til kommunen umiddelbart dersom styrar/reservestyrrar sluttar. Skjenkestaden skal då søkja om godkjenning av ny styrar/reservestyrrar.

Styrar/reservestyrrar for skjenkeløyvet er ansvarleg for at tilsette som står føre servering/skjenking/vakhald, får kontinuerleg opplæring i alkohollova sitt regelverket og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Skjenkestyrar/reserveskjenkestyrar for skjenkeløyvet, må ha avlagt godkjent Kunnskapsprøve om alkohollova, for skjenkeløyve.

Det må til ei kvar tid vera ein tilsett, som har avlagt godkjent Kunnskapsprøve om alkohollova, tilstades ved skjenkestaden.

Løyvehavar pliktar å føra internkontroll i forhold til salsløyvet, alkohollova og vedtak fastsett i medhald av alkohollova. Jmfr.§ 8-3 i Forskrift av 8. juni 2005 om omsetning av alkoholhaldig drikk.

Styrar/reservestyrrar for skjenkeløyvet pliktar å delta i samtalar, informasjonsmøte, kurs og konferansar som Stord kommune eller annan offentleg instans skipar til for skjenkestadene og deira tilsette, jfr. også Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Stord kommune.

Det vil få konsekvensar for skjenkestader som eventuelt ikkje følgjer opp pliktane som er nemnd under dette punktet, jfr. dei alkoholpolitiske retningslinjene kap. 06. Skjenkestadene v/ styrar og reservestyrrar skal mellom anna delta i ”*Ansvarleg vertskap*” når kommunen legg opp til dette, jfr. Arbeids- og sosialdepartementet sitt brev av 12.08.06 til Sosial- og helsedirektoratet.

## **2. Krav til skjenkelokale (faste løyve)**

Alle etablissement med skjenkeløyve, uansett løyveomfang, skal ha bygningsmessig god standard. Serveringsstader må ha eit tydeleg restaurantmessig preg m.o.t. innreiing og interiør.

Serveringsstader med skjenkeløyve må for øvrig ha god hygienisk standard og fylla dei krav som anna lovgjeving set, t.d. arbeidsmiljølova, brann- og eksplosjonsvernlova, plan- og bygningslova, røykelova og ”Generell forskrift for produksjon og frambud m.v. av næringsmidler”.

I skjenkelokalet skal det til ei kvar tid henga oppslag som viser kven ved verksemda som er løyvehavar, skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar. Like eins skal det henga oppslag som viser kor mange gjestar skjenkestaden er godkjent for av det kommunale brannstellet.

**Det er ein føresetnad at det ikkje er tillatt med nokon form for pengespel i lokale der det blir skjenka alkohol i Stord kommune.**



### **3. Skjenking av rusbrus**

For skjenking av rusbrus gjeld dei same reglane som for skjenking av øl og vin, dvs. at det er forbode å skjenka rusbrus til personar under 18 år.

### **4. Skjenking av øl**

Med ”øl” i denne samanhengen (skjenkeløyve) er det meint øl med styrke opp til volumprosent 5,75 – 6,75 % (klasse F).

### **5. Ambulerande løyve til slutta lag**

Når tilhøva ligg til rette for det, kan bestemte personar få innvilga løyve til skjenking i *slutta lag* på ein stad som kan godkjennast ved eit einskild høve. Løyve for skjenking av brennevin kan gis under føresetnad at staden har eller får løyve til skjenking av øl og vin.

Det er ein føresetnad at løyvehavaren er over 20 år og har utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sine føremål.

Arrangøren må retta seg etter eventuelle pålegg frå Lensmannen og kommunale vedtaksorgan.

Omgrepet *slutta lag* er omtalt nærmare i Sosialdepartementet sitt rundskriv I-6/98, jfr. merknadene til alkohollova § 4-5, sjå side 154/155.

Stord kommune legg i tillegg følgjande til grunn for si forståing av omgrepet:

- Private arrangement, t.d. familielag, vennelag, firmafestar, jubileum med avgrensa deltaking for personleg inviterte eller inviterte som tilsette i eit firma eller medlemmer i ein organisasjon – *og der arrangøren på førehand har oversikt over kva for namngitte personar som kjem til å delta.*
- Utanforståande, dvs. ikkje inviterte personar, har ikkje tilgjenge til arrangementet.
- Vanlege medlemsmøte i ein organisasjon, klubbar o.l. med avgrensa medlemskap blir ikkje definert som *slutta lag*.

### **6. Fast skjenkeløyve til slutta lag**

Søknad om fast skjenkeløyve til slutta lag må i kvar einskild sak vurderast i høve til aktiviteten som føregår i lokalet, og søkjar si grunngjeving for søknaden. Søkjar i slike saker må elles fylla alle krav som vert sett til løyvehavar for faste skjenkeløyve i kommunen, og retta seg etter krav i Alkohollova og Alkoholpolitiske retningsliner for Stord kommune.

### **7. Løyve til skjenking ved opne arrangement i einskilde høve**

Det kan gis løyve til skjenking med alle rettar ved einskilde høve til *opne arrangement*.

Med uttrykket ”einskilde høve” blir det her meint *ingongsarrangement*, dvs. arrangement som ikkje blir skipa til regelmessig fleire gongar årleg. Omgrepet *opne arrangement* blir i denne samanhengen definert som arrangement som er kunngjort opne for ein vidare krets av personar, t.d. personar i eit avgrensa bu-område, studentar ved ein undervisningsinstitusjon, medlemmer av ein organisasjon eller evt. for kven som helst – *utan krav om at arrangøren har fullstendig oversikt over deltakarane.*

Det er ein føresetnad at løyvehavar er over 20 år og har utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sine føremål.

Det er like eins eit vilkår at lokalet innfrir dei krav som brann- og bygningsstyresmaktene set. Like eins må arrangøren retta seg etter eventuelle pålegg frå Lensmannen og kommunale vedtaksorgan vedk. trafikk- og parkeringstilhøve, orden og kontroll. Huseigar/utleigar bør også få høve til å uttala seg.

Ved større arrangement må det vera tilstrekkeleg med toalett i forhold til talet på forventa deltakarar, og brannstellet må ha uttalt seg spesielt om brannsikringstiltaka i lokalet.

## **8. Løyve for kortare tidsperiodar**

I samband med spesielle arrangement som t.d. messer, revyar, festspel o.a. kan rådmannen gi alminneleg skjenkeløyve for øl og vin for kortare tidsperiodar etter følgjande reglar:

- a. **Serveringsstad som frå før har alminneleg skjenkeløyve**, kan få utvida område for skjenking innandørs og utandørs for inntil 2 månader dersom det utvida skjenkeområdet har direkte fysisk tilknytning til søkjaren sitt eksisterande skjenkeareal. Det er ein føresetnad at det ikkje ligg føre innvendingar frå andre offentlege organ som skal uttala seg om søknaden.

Det er like eins eit vilkår at lokalet innfrir dei krav som brann- og bygningsstyresmaktene set. Like eins må løyvehavar retta seg etter eventuelle pålegg frå Lensmannen og kommunale vedtaksorgan vedk. trafikk- og parkeringstilhøve, orden og kontroll. Ved større arrangement må det vera tilstrekkeleg med toalett i forhold til talet på forventa deltakarar.

- b. **Serveringsstader som ikkje har skjenkeløyve** kan like vel få løyve for ein kortare tidsperiode dersom løyvehavar er over 20 år og har utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sine føremål.

Det er like eins eit vilkår at lokalet innfrir dei krav som brann- og bygningsstyresmaktene set. Like eins må løyvehavar retta seg etter eventuelle pålegg frå Lensmannen og kommunale vedtaksorgan vedk. trafikk- og parkeringstilhøve, orden og kontroll. Ved større arrangement må det vera tilstrekkeleg med toalett i forhold til talet på forventa deltakarar, og Brannstellet må ha uttalt seg spesielt om brannsikringstiltaka i lokalet.

Slikt tidsavgrensa løyve kan berre gis for *høgst 3 dagar*.

## **9. Krav vedk. ordensmessig og sosial kontroll**

Etablissement som har løyve til skjenking av alkohol, skal til ei kvar tid ha god orden og god sosial kontroll – både i skjenkelokalet, ved inngangen til lokalet og like eins utanfor dette.

I dette ligg det krav om at talet på vakter og serverings/skjenkepersonale skal stå i forhold til talet på gjester. Ved *utandørs skjenking* gjeld særlege krav, jfr. pkt. 10.

I samband med spesielle arrangement kan kommunale vedtaksorgan, administrasjonen og/eller Lensmannen krevja forsterka kontrolltiltak.

Etter § 1-1 – lova sitt føremål - er utgangspunktet at all bruk av alkohol kan medføra skade – både samfunnsmessig og individuelt. Utgangspunktet er vidare at aukande forbruk av alkohol gir aukande skadeverknader. Lova skal sikra at skadeverknadene av alkoholbruk blir så små som mogeleg – dels ved å avgrensa tilgjenge til alkohol, og dels ved å sikra at omsetningsformene for alkohol er trygge.

I følgje forskrift av 11.12.1997 nr. 1292 § 1-2 skal skjenking av alkoholhaldig drikk gå føre på ein slik måte at skadeverknadene blir avgrensa og at alkoholpolitiske og sosiale omsyn blir ivaretekne. Skjenkestadene skal i samsvar med forskrifta si § 1-10 ikkje skjenka på ein slik måte at gjestane kan bli openbart påverka. I dette ligg eit tydeleg direktiv og ei klar oppmoding til skjenkestadene om ikkje å leggja opp til tilbod eller aktivitetar som kan stimulera til drikkepress eller til auka konsum av alkoholhaldige drikkevarer.

Skjenkestadene skal elles sjå til at det ikkje oppstår ein ”kultur” der knusing av flasker og glas blir ein vane eller tilnærma ”akseptert”. I så fall, skal skjenkestadene innføra tiltak for å hindra slik utvikling, t.d. ved å auka talet på vakter og serverings/skjenkepersonale, å auka talet på ”avleveringsplassar” for flasker og brukte glas, å innføra pantordning for utleverte glas, å innføra bruk av plastglas, e.l.

## **10. Skjenketider og vilkår kring skjenking**

### **a. Skjenketider – innandørs**

*Rusbrus, øl og vin*

- mellom kl 11.00 og kl 01.00 – med høve til skjenking til kl 02.30 natt til laurdag og natt til søndag - alle dagar i året der skjenking av alkohol er tillatt

*Brennevin*

- mellom kl. 13.00 og kl. 01.00 - med høve til skjenking til kl 02.30 natt til laurdag og natt til søndag - alle dagar i året der skjenking av alkohol er tillatt

(Alkoholova § 4-4 forbyr skjenking av brennevin før kl. 13.00)

*Skjenketider på særskilde dagar og datoar:*

- Onsdag før skjærtorsdag: til kl 02.30 den påfølgjande dagen
- 30. april (dagen før 1. mai): til kl 02.30 den påfølgjande dagen
- 16. mai (dagen før grunnlovsdagen): til kl 02.30 den påfølgjande dagen
- 26. desember (2. juledag): til kl 02.30 den påfølgjande dagen
- 27. desember: til kl 02.30 den påfølgjande dagen
- 31. desember (nyttårsaften): til kl 02.30 den påfølgjande dagen

**Merknad:** Løyve til skjenking til kl. 02.30 gjeld likevel ikkje langfredag og heller ikkje 1. juledag sjølv om denne dagen fell på ein fredag eller laurdag.

### **b. Skjenketider – utandørs**

*Rusbrus, øl, vin*

- mellom kl 11.00 og kl 24.00 alle dagar der skjenking er tillatt.

*Brennevin*

- mellom kl. 13.00 og kl 24.00 alle dagar der skjenking er tillatt.

### **c. Overgang til og frå sommartid - vintertid**

Natta sommartida tek til, skal skjenketida følgja den oppsette skjenketida for den aktuelle dagen.

Når vintertida tek til, skal skjenketida følgja den oppsette skjenketida for den aktuelle dagen.

#### **d. Konsum av utskjenkte alkoholholdige drikkevarer**

Alt konsum av utskjenkte alkoholholdige drikkevarer må opphøyra seinast 30 minuttar etter at skjenketida er slutt.

#### **e. Skjenking ved overnattingsstader**

Overnattingsstader kan skjenka rusbrus, øl og vin til overnattingsgjestar utan omsyn til avgrensingane i alkohollova § 4-4, siste ledd. Det er ein føresetnad at skjenking til overnattingsgjester skjer utanfor overnattingsstaden sitt ordinære skjenkeareal, t.d. på gjesteromma eller i resepsjonen.

*Overnattingsstad* blir i denne samanhengen definert som *skjenkestad som driv med utleige av rom mot betaling*. Dette gjeld like vel *ikkje campinghyttar*.

#### **f. Skjenketider om bord i fartøy**

Skjenketidene om bord i fartøy som ikkje blir omfatta av statleg løyve, jfr. alkohollova § 5-2, 1. ledd nr. 3, er dei same som går fram av dette kap. 05, pkt. 9.

#### **g. Utvida skjenketid – unntak frå skjenketidene**

Det blir ikkje gitt høve til utvida skjenketid ut over skjenketidene som fastsett i dette kap. 05, pkt. 9.

### **11. Utandørs skjenking**

Det blir stilt følgjande *krav til utandørs skjenking*:

- Skjenkeområdet utandørs skal vera tydeleg fysisk avgrensa og avskjerma slik at skjenkestaden har same inngangs-, alders- og sosial kontroll som for innandørs skjenking.
- Skjenkearealet skal vera avgrensa med permanente, fysiske løysingar der m.a. søylar og gjerdestolpar er fast fundamenterte i grunnen.
- Skjenkestader som er innvilga løyve for eit mellombels avgrensa tidsrom, skal nytta fysiske avgrensingar som er støypte i flyttbare fundament – likevel ikkje slik at avgrensinga lett kan flyttast av uvedkomande.
- Høgda på den fysiske avgrensinga (gjerde) skal vera min. 80 cm. – både ved permanent og mellombels avskjerma skjenkeareal.
- Det er ikkje høve til å fråvika kravet til fysisk avskjerming ved t.d. å nytta blomkasser, urner eller tilsvarande løysingar med t.d. bruk av tau eller kjetting.
- Skjenking utandørs skal skje på ein måte som ikkje er forstyrrende for naboskapet.
- Brann- og bygningsstyresmaktene skal ha godkjent området og sett ei øvre grense for al sitjeplassar. Like eins skal Lensmannen og evt. Arbeidstilsynet har høve til å uttala seg om søknaden når dette er naturleg.

## **12. Vilkår kring arrangement, konsertar, revyar o. l. knytt til skjenkestadene**

Opne arrangement - og like eins konsertar, forestillingar, revyar og ulike arrangement knytt til skjenkestader - skal primært ta til seinast kl. 22.00 - alle dagar.

## **13. Skjenking i kommunale lokale m.m:**

### **a. Generelt**

Det kan ikkje tildelast faste skjenkeløyve i bygg som Stord kommune nyttar til eige verksemd. Det kan like vel gis løyve for ein einskild gong når lokala er eigna til føremålet.

### **b. Alle rettar (rusbrus, øl, vin og brennevin)**

Arrangement som blir rekna som *slutta lag*, jfr. pkt. 4, og der arrangøren er ein ansvarleg organisasjon, eit etablert lag eller ei næringsverksemd, kan få løyve som omfattar alle rettar i kommunale lokale dersom arrangementet ikkje er av kommersiell art.

Det er ein føresetnad at den personen som er vert- og skjenkeansvarleg fyller krava for å få alminneleg skjenkeløyve, jfr. dette kapitlet sitt pkt. 1 (Krav til løyvehavar, styrar / reserveskjenkestyrar).

### **c. Avgrensa rettar**

Når tilhøva ligg til rette for det, og den kommunalt ansvarlege for forvaltninga og drifta av bygget kan akseptera driftsopplegget og arrangøren, kan det gis løyve til skjenking av øl og vin for ein einskild gong til opne arrangement.

Rådmannen og/eller bygget sin forvaltnings- og driftsansvarlege kan fastsetja særlege krav m.o.t. gjestene si aldersgrense, utlysing, billettsal og kontrolltiltak ved slike arrangement.

Dersom dei ovanfor nemnde føresetnadene er til stades, kan det gis løyve til skjenking i følgjande bygg/lokale til *slutta lag*:

- Hagerupshuset
- Kulturhuset
- Rådhuset (kantina/3.høgda)
- Teknisk bygg, Heiane
- Vikahaugane Idrettspark AS

- og til *opne arrangement* i følgjande bygg/lokale:

- Kulturhuset
- Vikahaugane Idrettspark AS
- Prestagardsskogen fleirbrukshall

Arrangement i lokale der Stord kommune er eigar/medeigar gjeld følgjande særreglar:

- Foreldre/føresette skal vera trygge på at det ikkje er arrangement med alkoholserving samstundes når dei sender born/unge til desse lokala.
- Desse lokala kan berre leigast ut til arrangement etter dette kapitlet sine pkt. 10, a, b og c når det ikkje er planlagt/går føre seg andre arrangement, retta mot born og unge i/på området.
- Når lokala er heilt eller delvis leigd ut til arrangement etter pkt. 10, a, b og c, må ikkje arrangement/trening/overnatting finna stad samstundes i området.

- Når arrangement med alkoholserving skal finna stad, må området vera stengt for barne- og ungdomsarrangement i minst 2 timar før skjenking tek til.
- Området må vera rydda/stengt etter arrangement med alkoholserving i minst 2 timar før barne- og ungdomsarrangement startar opp igjen.

#### **14. Felles-lokale med andre**

For bygg som kommunen har eigarrett til, men som er leigd bort til lag, organisasjonar, stiftingar eller selskap o.l. over lengre tid – eller for bygg der kommunen er medeigar i lag med andre, gjeld ingen særlege avgrensingar.

For løyve til skjenking i slike bygg, gjeld vanlege krav og vilkår i alkohollova og i desse vedtektene.

#### **15. Lokale for ambulerande løyve**

Kommuneadministrasjonen (Kundetorget) skal til ei kvar tid ha oversikt over kva for lokale som bygnings- og brannstyresmaktene i kommunen har godkjent ut i frå plan- og bygningslova / brann- og eksplosjonsvernlova til arrangement med ambulerande skjenkeløyve.

Det skal berre gis ambulerande skjenkeløyve i lokale som er godkjent for dette.

#### **16. Skjenkeløyve i fartøy**

Cruiseskip eller fartøy som er kollektive transportmiddel, må ha *statleg* skjenkeløyve, jfr. alkohollova § 5-2. Fartøy som er restaurantar eller som tilbyr rundturar eller blir leigd ut for dagsturar/helgeturar m.v., må ha kommunalt løyve, jfr. alkohollova § 1-7, 1. ledd.

#### **17. Særlege vilkår vedk. skjenkeløyve ved hotel i Stord kommune**

Hotel som har skjenkeløyve (alle rettar) må innfri *vilkåra vedk. interiør* som går fram av kap. 05, pkt. 2.

I tillegg til skjenking av spisegjestar, har hotella høve til å skjenka rusbrus, øl, vin og brennevin frå bar. Skjenketidene ved hotella vil gå fram av kap. 05, pkt.9 , men med følgjande **unntak**:

**Hotel med skjenkeløyve for rusbrus, øl, vin og brennevin kan skjenka til slutta lag / slutta selskap fram til kl. 02.00 alle dagar.**

Med omgrepet *slutta lag / slutta selskap* skal Sosialdepartementet sin definisjon i rundskriv I-6/98 s. 154/155 leggjast til grunn:

*”Med sluttet selskap menes at det allerede, og før skjenkingen begynner, er dannet en sluttet krets av personer, som samles for et bestemt formål i et bestemt lokale på skjenkestedet, f. eks. til bryllup, konfirmasjon, jubileum osv.*

*Medlemmene av selskapet må danne en sluttet krets av personer der utenforstående ikke kan komme inn uten at visse former følges. Deltakerne må ha en eller annen tilknytning til den eller dem som inviterer til selskapet og til hverandre. Det er ikke tilstrekkelig at man før skjenkingen begynner skriver seg på en liste eller kjøper billetter.*

*Vanligvis må initiativet komme utenifra, ikke fra skjenkestedet. Det hjelper ikke at antallet gjester er begrenset, eller at arrangementet i innbydelsen eller i annonsementet er betegnet som "sluttet selskap". Klubber og lignende med begrenset medlemskap, regnes ikke i seg selv som sluttet selskap."*

Like eins skal Stord kommune si følgjande forståing av omgrepet *slutta lag/slutta selskap* leggjast til grunn:

- Private arrangement, t.d. familielag, vennelag, firmafestar, jubileum med avgrensa deltaking for personleg inviterte eller inviterte som tilsette i eit firma eller medlemmer i ein organisasjon – **og der arrangøren på førehand har oversikt over kva for namngitte personar som kjem til å delta.**
- Utanforståande, dvs. ikkje inviterte personar, har ikkje tilgjenge til arrangementet.

Hotel som har skjenkeløyve med alle rettar (rusbrus, øl, vin og brennevin) må gjera skriftleg avtale (på fastsett avtaleskjema) med slutta lag / slutta selskap om utvida skjenking. Avtalen skal skriftleg godkjennast av skjenkestyrar eller evt. reserveskjenkestyrar før arrangementet tek til. Avtalen skal arkiverast ved hotellet og skal leggjast fram for dei kommunale kontrollørane ved kontroll.

### **18. Skjenkeløyve ved idrettsarrangement, friluftarrangement m. m**

Idrettsarrangement med tilgjenge for barn under 18 år, kan ikkje få løyve til skjenking av alkohol – verken som mellombels eller permanent ordning.

### **19. Skjenkeløyve i kantiner og kafeteriaer**

Kantiner/kafeteriaer på arbeidsplassar og kantiner/kafeteriaer som ligg i eller ved kjøpesenter, kan ikkje få skjenkeløyve som mellombels eller permanent ordning – likevel med unntak av ambulerande løyve til slutta lag, jfr. dette kapitlet sitt pkt. 6.

#### Definisjon:

Med kantiner/kafeteriaer meiner ein i dette høve matsservering ved arbeidsplassar, og serveringsstader med sjølvbetening, der ein kan kjøpa, eta og drikkja t.d. kaffi, smørbrød og enklare rettar.

Restaurantar som ligg i eller ved kjøpesenter kan få skjenkeløyve under slike vilkår:

- Skjenkelokalet må vera tydeleg skilt frå resten av senteret i form av fastmonterte vegger og dører.
- Når resten av senteret er stengt, må skjenkelokalet ha eigen, separat inngang frå utsida av senteret.
- Søkjar må elles fylla vilkåra alkohollova set for å få skjenkeløyve

Med restaurant i dette høve meiner ein finare «spisested», med breitt utval av varme og kalde matrettar, og i hovudsak med servering ved bord.

### **20. Skjenkeløyve ved service- og salsfremjande arrangement eller kampanjar**

Næringsverksemdar, kontor, forretningar, organisasjonar, lag og verksemdar som driv service, sal eller aktivitetar av ulike slag, kan ikkje få løyve til skjenking av alkohol – verken som mellombels eller permanent ordning. Det vil heller ikkje bli gitt løyve til skjenking av alkohol i samband med ulike service- eller salsfremjande arrangement og kampanjar.

## **KAP. 06 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKESTADER**

Kommunen sin kontroll med sal og skjenking av alkohol er fastsett i alkohollova § 1-9.

### **1. Tilsetjing og arbeidstilhøve**

Det blir stilt strenge krav til dei tilsette, både med omsyn til fagleg kunnskap og evne til å rapportera og uttrykkja seg skriftleg. Kontrollørane må like eins ha ein korrekt og ryddig framferd under utøving av kontrolloppgåver.

### **2. Kontrolloppgåver**

Kontrollen på sals- og skjenkestader skal gå føre etter ein nærare fastsett plan. Administrasjonen og skjenkekontrollen avtalar tidspunkt og opplegg kring kontrollane.

Kontrollørar som i tillegg har anna fast stilling i Stord kommune, kan i forståing med einingsleiaren sin utføra kontroll innanfor ordinær arbeidstid med forretningar som har salsløyve for rusbrus og øl. I slike tilfelle blir ikkje kontrollen lønna særskilt.

Kontrollørane skal føra kontroll med minst to skjenkestader på ein og same kveld, og det blir lagt opp til at to kontrollørar går i lag. Kontroll skal i hovudsak utførast anonymt, men kontrolløren skal legitimera seg etter utførte kontrolloppgåver.

Ved kontroll av salsstader for rusbrus og øl går kontrollørane åleine. Det blir føresett at det blir utført to kontrollar på ein dag. Det blir normalt lagt opp til gjennomsnittleg 3 kontrollar pr. år ved utsalsstadene for øl og for etablissement med skjenkeløyve. I samråd med næraste overordna kan det gjerast hyppigare kontrollar dersom dette er naturleg.

Årsmelding for kommunen sin alkoholkontroll skal kvart år leggjast fram for komiteen for oppvekst og utdanning.

- Årsmeldinga skal innehalda oversyn over talet på kontrollar som er utført pr. sals- eller skjenkestad
- Årsmeldinga skal vidare ha oversyn over dei avvika kontrollørane har avdekkja på dei ulike sals- og skjenkestadane
- Alle rapportar og årsmelding for kommunen sin alkoholkontroll skal kvart år leggjast fram for politisk leing/formannskap/komite.

### **3. Prosedyre og tiltak ved brot på alkohollovgjevinga**

Følgjande prosedyre og tiltak skal av rådmannen setjast i verk overfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgjevinga, anna relevant lovgjeving og kommunale retningslinjer:

1. Dersom alkoholkontrollørane etter alkoholkontroll meiner å kunna visa til brot på alkohollova eller kommunale retningslinjer ved sals- eller skjenkestad, skal kontrollørane skriva utfyllande, detaljert rapport til nærmaste overordna.
2. Rådmannen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals- eller skjenkestaden og ber om kommentar, og/eller kallar inn til samtale for å klargjera dei faktiske tilhøva. I slike samtalar skal sals- eller skjenkestaden gjera greie for korleis dei vil syta for at eventuelle brot på alkohollovgjevinga / kommunale vedtekter ikkje skal skje i framtida.



3. Dersom det er påvist klare lovbrøt og /eller brøt på Stord kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer, skal rådmannen straks setja i verk dei reaksjonane som er fastsette nedanfor:

**Reaksjonar ved brøt på alkohollova eller på Stord kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer:**

<b>Lovbrøt/regelbrøt ved SALSSTADER</b>	<b>1. reaksjon</b>	<b>2. reaksjon</b>
Reklame	Påbod om å retta opp forholdet	Inndraging av løyvet i inntil ei veke
Manglande rapportering om omsetnad og innbetaling av gebyr for salsløyvet i forhold til fastsett frist, jfr. kap 02	Påbod om å retta opp forholdet	Inndraging av løyvet i inntil ei veke
Manglande deltaking på møte, kurs og konferansar skipa til for salsstadane og deira tilsette.	Skriftleg påminning	Påminning med frist. Ved ytterlegare fråfall vil ein vurdera midlertidig inndraging av løyvet.
Manglande internkontrollrutinar	Påbod om å retta opp forholdet innan frist	Inndraging av løyvet i inntil 1veke
Drikking og/eller uorden i området nær salsstaden	Påbod om å retta opp forholdet	Inndraging av løyvet i inntil ei veke
Sal av alkoholholdig drikk ut over salstidene	Inndraging av løyvet i inntil 2 veker	Inndraging av løyvet i ytterlegare 3 – 26 veker
Mangelfull tildekking av øl/rusbrus ut over salstidene	Påbod om å retta opp forholdet innan frist	Påminning med ny frist. Vurdera midlertidig inndraging av løyvet.
Sal av alkoholholdig drikk til openbart påverka person	Inndraging av løyvet i inntil 2 veker	Inndraging av løyvet i ytterlegare 3 – 26 veker
Sal av alkoholholdig drikk til mindreårige	Inndraging av løyvet i inntil 2 veker	Tap av løyvet blir vurdert nærmare
Omsetnad av narkotika knytt til salslokalet	Inndraging av løyvet i inntil 2 veker	Tap av løyvet blir vurdert nærmare

<b>Lovbrøt/regelbrøt ved SKJENKESTADER</b>	<b>1. reaksjon</b>	<b>2. reaksjon</b>
Utilfredstillande utval av alkoholfrie og alkoholsvake drikker	Påbod om å retta opp forholdet	Inndraging av løyvet i inntil ei veke
Reklame	Påbod om å retta opp forholdet	Inndraging av løyvet i inntil ei veke
Manglande rapportering om omsetnad og innbetaling av gebyr for skjenkeløyvet i forhold til fastsett frist, jfr. kap 02	Påbod om å retta opp forholdet	Inndraging av løyvet i inntil ei veke
Manglande deltaking på møte, kurs og konferansar skipa til for skjenkestadane og deira tilsette.	Skriftleg påminning	Påminning med frist. Ved ytterlegare fråfall vil ein vurdera midlertidig inndraging av løyvet.
Manglande internkontrollrutinar	Påbod om å retta opp forholdet innan frist	Inndraging av løyvet i inntil 1veke
Drikking og/eller uorden i området nær skjenkestaden	Påbod om å retta opp forholdet	Inndraging av løyvet i inntil ei veke

Nyting av medbrakt drikke	Påbod om å retta opp forholdet	Inndraging av løyvet i Inntil 1 veke.
Openbart påverka person får tilgjenge til skjenkestaden	Inndraging av løyvet i inntil ei veke	Inndraging av løyvet i ytterlegare 2 veker
Skjenking til gjester som sit i lag med openbart påverka person	Inndraging av løyvet i inntil ei veke	Inndraging av løyvet i ytterlegare 2 - 8 veker
Skjenking til openbart påverka person	Inndraging av løyvet i inntil 2 veker	Inndraging av løyvet i ytterlegare 3 - 26 veker
Skjenking ut over skjenketidene	Inndraging av løyvet i inntil 2 veker	Inndraging av løyvet i ytterlegare 3 - 26 veker
Skjenking av mindreårige	Inndraging av løyvet i inntil 2 veker	Inndraging av løyvet i ytterlegare 3 - 26 veker
Omsetnad av narkotika knytt til skjenkestade	Inndraging av løyvet i inntil 2 veker	Inndraging av løyvet i ytterlegare 3 - 26 veker

Sal/skjenking til mindreårige og omsetnad av narkotika kan føra til politianmelding.

Formannskapet skal informerast umiddelbart om tiltak som rådmannen har sett i verk etter dette kapitlet.

## **KAP. 07 GEOGRAFISK PLASSERING AV SKJENKESTADER**

Det skal ikkje gis løyve til skjenking ved serveringsstader som er plassert i bustadområde utanfor sentrumsnære område i Leirvik og Sagvåg.

Alle serveringsstader med skjenkeløyve skal til vanleg vera plassert i typiske nærings- og handelsområde. Det skal like vel ikkje gis skjenkeløyve til serveringsstader som er plassert i eller nær opp til lokale med aktivitetar for barn og unge.

Det kan gjerast unntak for turist- og næringsetablisement når slike er plassert spesielt med tanke på friluft- og reiselivsføremål i bygg og område som naturleg er innretta for slike føremål , t.d. fjellstover, fritidsanlegg ved sjøen, vegkroer o.l. Slike etablisement kan berre få alminneleg skjenkeløyve for rusbrus, øl og vin.

## **KAP. 08 KLAGEHANDSAMING, OVERPRØVING OG ENDRING I ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER**

### **1. Klagehandsaming**

I følgje alkohollova § 1-16 kan kommunen sine *enkeltvedtak* påklagast i saker som gjeld:

- inndraging av sals- og skjenkeløyve, jfr. alkohollova § 1-8
- sal av alkoholhaldige drikker, jfr. alkohollova kap. 3
- kommunale skjenkeløyve, jfr. alkohollova kap 4
- gebyrer, avgifter og anvendelse av AS Vinmonopolets overskudd, jfr. alkohollova kap. 7

Formannskapet kan overprøva skjønnsvurderinga i rådmannen sine vedtak etter delegasjon. Formannskapet har like vel ikkje høve til å gå ut over det regelverket som kommunestyret har fastsett i kommunen sine alkoholpolitiske retningslinene for løyveperioden 2012 – 2016, jfr. kap 05 pkt 10 g.

Fylkesmannen kan prøva om kommunen sitt vedtak er innhaldsmessig lovleg, om det er gjort av rette organ og om det er blitt til på lovleg måte, jfr. alkohollova § 1-16 andre ledd.

## **2. Overprøving**

Eit mindretal på minst 3 medlemmer i formannskapet kan krevja at eit vedtak som i utgangspunktet er delegert og endeleg, skal kunna overprøvast av overordna organ (kommunestyret) både med omsyn til den skjønsmessige avgjerda og om vedtaket er i samsvar med lov, føresegner og desse vedtektene. Krav må setjast fram i same møte.

Organet kan med vanleg fleirtal, dersom særlege grunnar og tidsomsyn krev det, vedta at krav om overprøving etter dette punktet ikkje skal ha utsetjande verknad.

## **3. Endring i retningslinene**

Formannskapet blir delegert retten til å gjera eventuelle justeringar og mindre omfattande endringar/tilføyningar i dei alkoholpolitiske retningslinene i løpet av løyveperioden. Sals- og skjenketider vil ikkje bli rekna som justeringar og mindre omfattande endringar/tilføyningar i denne samanhengen.

Justeringar og endringar/tilføyningar i det kommunale regelverket kan ikkje vera i strid med lov, fastsette kommunale reglar, mål og delmål, jfr. dei alkoholpolitiske retningslinene kap 01.

## **4. Evaluering**

Effekten av vedtekne endringar i retningslinene skal vurderast/evaluerast etter 1 – 2 år.

## **KAP. 09 KRAV TIL SØKNADER**

### **Rettleiing for søkjarar:**

Den som vil søkja om salsløyve for sal av øl eller skjenking av alkohol, skal leggja fram følgjande dokumentasjon – også ved søknad om fornying av løyve:

- a. Fullstendig og rett utfylt søknad på godkjent søknadsskjema.
- b. Opplysningar om namn, adresse og personnummer til den som er ansvarleg for verksemda. Dersom verksemda skal drivast av juridisk person, skal det gis opplysningar om organisasjonsnummer og eigarsamansetning.
- c. Type verksemd. Opplysningar om kvar og korleis verksemda skal drivast. Det må gjerast greie for utforming av interiøret, målgruppe og type stad.
- d. Planteikningar over skjenkearealet. Dette skal vera skravert eller fargelagt. Nødutgangar skal vera avmerka.
- e. Meny. Alle som skal driva restaurant må leggja ved kopi av menyen eller den planlagte menyen.
- f. Namn, adresse og personnummer på styrar og den som er i styraren sin stad og deira tilknytning til verksemda.
- g. Opplysningar om skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar har bestått kunnskapsprøva om alkohollova.
- h. Dokumentasjon av leigetilhøve/eigartilhøve for lokala der verksemda skal drivast.

- i. Firmaattest (ikkje eldre enn 2 månader)
- j. Skatte- og avgiftsattest (skatt, arbeidsgjevaravgift, meirverdiavgift) for selskap og impliserte personar, jfr. alkohollova § 1-7b.

Skatte-, avgifts- og rekneskapsattestar må vera av ny dato.

Alle krav som bygnings- og brannstyresmaktene og Mattilsynet har stilt, skal vera oppfylt før oppstart finn stad.

**SALSTIDER I DAGLEGVAREFORRETNINGAR:**

Salstider for rusbrus og øl i kl. C og D (mellom 2,75 og 4,75 volumprosent)

- |   |                  |
|---|------------------|
| • Mandag – fredag (heile året):   | kl 08.00 - 20.00 |
| • Laurdag - og dagar før helgedagar:  | kl 08.00 - 18.00 |
| • Søndag - samt helge- og høgtidsdagar:   | stengt           |
| • 1. mai:   | stengt           |
| • 17. mai:  | stengt           |
| • Onsdag <u>før</u> Kristi Himmelfartsdag:  | kl 08.00 - 20.00 |
| • Røystedagar ved stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavrøysting: | stengt           |

**SKJENKETIDER :**

**Innandørs:**

Kl. 11.00 - kl. 01.00 for rusbrus, øl og vin alle dagar der skjenking er tillatt

Kl. 13.00 - kl. 01.00 for brennevin alle dagar der skjenking er tillatt

Laurdag/søndag og einskilde fastsette dagar til kl. 02.30

**Utandørs:**

Kl. 11.00 - kl. 24.00 for rusbrus, øl og vin alle dagar der skjenking er tillatt.

Kl. 13.00 - kl. 24.00 for brennevin alle dagar der skjenking er tillatt.